



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjebø sokneråd

Marcus Thranes gate 3
6993 Høyanger
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 16.03.23.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 09.03.23.
Møtetid: kl. 19.00.
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, Heike Muller, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling.

Leiar hadde ei ekstra sak under ymse; orientering om at digitalt møte om ny Kyrkjeleg organisering, vil finne stad 27.03.23.

Godkjenning av referat frå møtet 19.01.23. og notat frå møtet 28.02.23.

Det var ingen merknad til referat frå møtet 19.01.23. Notat frå møtet 28.02.23. vart også godkjend.

Sidan sist.

Sidan sist har det vore avvikla avskilssamling for Bjørnar Otterstein i Høyanger bedehus. Gudstenesta i Vadheim 05.02.23. vart avlyst p.g.a. nyttårskonsert i Vadheim musikklag på same tidspunkt. På Alværa Misjonscenter vart det avvikla Mariahelg 03.03. – 05.03.23. Irene Aase Aarseth har nyleg delteke på kurset «Sorgarbeid i dress og kjeledress» på Modum Bad.

Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

Soknepresten har ordet.

Dagens ord frå soknepresten tok utgangspunkt i «Jesus metter 5000», Markus evangeliet 6.30-44.

Meldingssaker:

230004: Påskevandringa.

Den tidlegare gjennomførte «påskevandringa» vil også verte nytta i år for besøkande til kyrkjegarden i påskeveka. Det vert laga eige påskeopplegg tilpassa skule og barnehage viss desse er interessert i kyrkjebesøk før påske.

230005: Årshjulet.
Leiar oppdaterte årshjulet saman med soknerådsmedlemmane.

Vedtakssaker:

Sak 0008/23: Fasteaksjonen, 26. -28. mars.

Vedtak: *Fasteaksjonen vert gjennomført på tradisjonelt vis - frå dør til dør- av konfirmantar i Vadheim. På Kyrkjebø vil aksjonen finne stad på Joker butikken, enten av konfirmantar eller av eit soknerådsmedlem.*

Sak 0009/23: Dugnad på kyrkjegardane.

Vedtak: *Med atterhald om lageleg ver vert dugnad på gravplassane avvikla:
29.03.23. kl. 14.00. – 16.00. på Kyrkjebø kyrkjegard.
26.04.23. kl. 17.00. – og utover både på Kyrkjebø kyrkjegard og Vadheim gravplass.
Ansvarsfordeling etter nærare plan vert sendt ut etter soknerådsmøtet.*

Sak 0010/23: Opa kyrkje sommaren 2023.

Vedtak: *Det vert opa kyrkje på Kyrkjebø kl 18.00.- 20.00. desse datoane:
07.06., 21.06., 09.08. og 23.08.23.*

Sak Ymse:

Nominasjonsnemnda sitt arbeid pr. 09.03.23.

*Nominasjonsnemnda oppsummerte arbeidet sitt og la plan for vidare arbeid.
Nominasjonsnemnda treng pr. no spesielt å arbeide med rekruttering av kandidatar frå Vadheim til kyrkjevalet 2023.*

Björgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet inviterer til samråd kring regelverket om ny kyrkjeleg organisering.

*27.03.23. vert leiar i soknerådet deltakar i digitalt møte om ny kyrkjeleg organisering.
Dette er eit samrådsmøte i regi av Björgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim
Sekretær